

Særs vellukka Blix-kveld.

20.11.2011



Jan Ove Totland og Lars Erik Tjeldflåt var sentrale i programmet (Foto: Kristian Olav Bringedal)

«Dette var veldig kjekt! Så kjekt at det overgjekk forventningane eg hadde på førehand», sa Magnus Hitland frå Kaldestad etter Elias Blix-kvelden i Uskedal kyrkje søndag kveld.

Den oppfatninga trur eg han delte med svært mange av dei som var til stades.

Rundt 100 var samla i kyrkja, mange var aktørar, men godt over halvparten var publikum



Røysterett for alle hadde to avdelingar(Foto: Thor Inge Døssland)

I løpet av ein knapp halvannan time vart publikum kjent med den store salmeidiktaren gjennom eit variert og godt program. Heile 17 av Blix sine salmar vart framført før kvelden vart høgtideleg avslutta ved at alle song fedrelandssalmen «Gud signe vårt dyre fedreland» til tonefølgje av Uskedal Musikklag og organist LarsErik Tjeldflåt.

Dei 17 andre salmene i programmet var framført med stor variasjon i framføringsmåte. Vi fekk høre to av dei som vakre solosongnummer framført av unge Amalie Fjell Helleland akompagert av Lars E. Tjeldflåt på piano. Han akompannerte også Maria Malmsten som song «Her kjem me dine arme små», men då på orgel. Elles hadde Røysterettfor alle to korsongavdelingar, i tillegg til at det var allsong der organist og musikklaget veksle om å vera tonefølgje.

Midt i programmet fortalte Marit Elisebet Totland ossom Blix. Svært interessant var det å høre då ho gjorde oss kjend med diktaren og livsverket hans. Den levande framstillinga hennar vart krydra med at ektemannen Jan Ove Totland vakkert song to salmar. Kjempegodt samarbeid!

Som sagt ein triveleg song- og musikk-kveld i kyrkja. Nokre meinte det kunne vore fleire frammøtte, andre syns det var bra når det var samla ca. 100 i kyrkja ein søndagskveld. Kjekt var det i alle fall å registrere at programmet trekte folk frå heile strekningen frå Utåker til Rosendal på fastlandet i tillegg til Halsnøy. Det gjev det også ein grunn til å kalle kvelden vellukka!

Av Thor Inge Døssland



Endel av grovmessingen (Foto: Kristian Olav Bringedal)